

07.02.2011

**Udramatisk utforkøyring på Heio**

**Utforkøyringa ved Heio som førte til at hjørnet på gjerdet vart øydelagt var udramatisk.**

**Det seier sjåføren som natt til fredag mista styringa og traff gjerdet rundt idrettsplassen.**

Uhellet skjedde klokka 04.30 om natta og sjåføren var på veg oppover dalen. Han forklarar at det var mykje snøslaps i vegen og i den slake svingen ved Heio mista han styringa og fekk planing. Derved klarte han ikkje å stoppa før han traff gjerdet.

Heldigvis var bilen heilt uskada og det var også sjåføren..

- Eg rygga berre ut og køyrd vidare, opplyser sjåføren, som tok kontakt med leiaren av fotballgruppa og beklaga hendinga. Også forsikringsselskapet er kontakta. Biletet er teke frå der sjåføren mista styringa og sklei ut av vegen.

(Foto: Ola Matti Mathisen)